Radøy kommune
Teknisk forvaltning

Ingeniør Aarland AS
Eidsvågbakken 1
5105 EIDSVÅG I ÅSANE

| Referansar: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar:<br>Vår: 16/1285 - 18/11331 | Tonje Nepstad Epland<br>tonje.epland@radoy.kommune.no | 30.07.2018 |

# Byggesak Gbnr 62/6 Kolås - riving og oppføring av nytt uthus, restaurering av fritidsbustad - søknad arkivert utan vidare handsaming

Dykkar e-post av 29.06.18 med melding om opphøyr av ansvarsrett for føretaket Ingeniør Aarland AS, org.nr. 979 971 044, gjeldande gbnr 62/2 Kolås (arkivsaknr. 16/1285).

Føretaket Ingeniør Aarland AS har i søknad motteke 05.07.16 erklært ansvarsrett for ansvarsområda SØK, PRO overordna ansvar og UTF overordna ansvar for riving og oppføring av nytt uthus og restaurering av fritidsbustad.

Det er i vedtak i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk av 26.10.16 gjeve dispensasjon for tiltaket, jf. PLT-vedtak sak 072/2016.

Søknad om løyve til tiltak er ikkje handsama grunna manglar, jf. kommunen sitt brev av 02.12.16 og seinare korrespondanse i saka.

Trekk av ansvarsrett for ansvarleg søkjer, på eit tidspunkt der det ikkje er gjeve løyve til tiltak, vil få den konsekvens at søknad om løyve til tiltak ikkje kan handsamast.

Søknad om løyve til tiltak av 05.07.16 vert arkivert utan vidare handsaming.

**Orientering til tiltakshavar**

Kommunen gjer merksam på at saka har status som ei sak om ulovleg tiltak (**arkivsak 16/298**) og at det utan ugrunna opphald må sendast inn ny søknad om løyve til tiltak. Dette brevet vert sendt i kopi til det kommunale byggesakastilsynet for vidare oppfølging

Kommunen gjer vidare merksam på at dispensasjonsvedtaket i sak 072/2016 av 26.10.16 bare er gyldig i tre år – inn til 26.10.19.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**
Byggesakstilsynet

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ingeniør Aarland AS | Eidsvågbakken 1 | 5105 | EIDSVÅG I ÅSANE |
| John Einar Hagen | Jonas Lies vei 25 | 5053 | BERGEN |